



ULSTEIN KOMMUNE

REGLEMENT FOR PRAKTISERING AV FRIKJØPSORDNINGA

Godkjent av Ulstein kommunestyre i sak KST PS 15/5 den 05.02.2015

heimla i § 4.3.7 i føresegnene til kommuneplanen vedteken 28.03.2019

§ 4.3.7 Frikjøp av parkeringsplassar:

Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk. Kommunen fastset beløpet som til ei kvar tid skal gjelde i slike tilfelle.

§ 1-1. Føremål

Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller fellesareal blir betalt eit beløp per manglande parkeringsplass til kommunen for bygging av offentlege parkeringsanlegg.

Frikjøpsordninga gjev ikkje eksklusiv bruksrett til parkeringsplass.

§ 1-2. Verkeområde

Reglementet gjeld alle som får saker handsama innanfor verkeområdet til gjeldande kommuneplan for Ulstein kommune, jf. Kommuneplanen § 4.3.7 og PBL § 28-7.

§ 1-3. Frikjøpsbeløp

Sats for frikjøp av parkeringsplass som til ei kvar tid gjeld vert fastsatt av Kommunestyret. Kommunestyret vedtok i møte den 05.02.2015 at frikjøpsbeløpet skal settast til kr 275 000 per manglande parkeringsplass. Summen skal regulerast kvart år pr. 1. januar i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for bustadblokk – grunnarbeid.

§ 1-4. Tidspunkt for utrekning

Beløpet for frikjøp av parkeringsplass reknast ut frå gjeldande reglement på det tidspunktet fullstendig byggesøknad/rammeløyve er innregistrert i kommunen.

§ 1-5. Tidspunkt for betaling

Faktura for fastsett beløp sendast ut når første igangsettingsløyve/løyve til tiltak er gjeve.

§ 1-6. Parkeringsfond

Innbetalt frikjøpsbeløp tilførast i sin heilskap til eit kommunalt parkeringsfond. Renter av fondet godskrivas parkeringsfondet.

Fondet skal brukast til utvikling og etablering av nye offentlege parkeringsanlegg i Ulstein kommune.

Parkeringsplassar som blir opparbeidd ved hjelp av parkeringsfondet skal vere opne for alle.



§ 1-7. Særskilt om overbygde plassar

For dei tilfella der kommunen gir mellombels dispensasjon frå kravet om overbygd parkeringsplass, skal tiltakshavar inngå avtale med kommunen i samsvar med denne. Avtalen skal vere inngått før igangsetjingsløyve vert gjeve.

Avtalen skal tinglysast på eigedomen for utbyggars kostnad.

§ 1-8. Tilbakebetaling av frikjøpsbeløpet for overbygde plassar

Tiltakshavar som har fått mellombels dispensasjon frå kravet om overbygde plassar, kan krevje tilbakebetalt det eksakte frikjøpsbeløpet som er betalt til parkeringsfondet, når han for vedkomande eigedom kan dokumentere at kravet til overbygde parkeringsplass(ar) i kommuneplanen er stetta, ved:

- i. at det er inngått avtale om kjøp av/evigvarande bruksrett til overbygde parkeringsplass(ar), eller;
- ii. at det er opparbeid overbygde parkeringsplass(ar) på eigen grunn, eller;
- iii. at det er opparbeid overbygde parkeringsplass(ar) på fellesareal

Kravet frå tiltakshavar skal vere skrifteleg, og må innehalde dokumentasjon som viser at eitt av vilkåra i bokstav i) til iii) er oppfylt.

Beløpet kan berre krevjast betalt til det rettssubjektet som oppfyller kravet.

§ 1-9. Ikraftsetjing

Reglementet tek til å gjelde frå den tid det er godkjent av Kommunestyret.

Utarbeidd 08.01.2015

Sist revidert 05.02.2021

-rettingar: Henvisning til heimel oppdatert i samsvar med ny kommuneplan vedteken i KST-sak PS 19/29